

Verdensomseglar og bergensarar i båthamna

07.04.2007



Fabrice Loranchet – klar for ferda nordover gjennom Noreg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Til og med ein verdensomseglar har vore innom Uskedalen i påska og det samme har mange trufaste bergensarar.

- Men besøket har ikkje vore det heilt store, seier hamnesjef Leon Gundersen når uskedalen.no ber honom oppsummera påsketrafikken til Uskedalen Båtlag. Inntil i går føremiddag hadde 72 utanfrå vore innom medan det hadde vore plass til dobbelt så mange. Men talet er bra samanlikna med i fjor, då var det 42 i heile april.
- Vi får skylda på veret, seier Gundersen.
- Kva kan negativ PR i samband med havariet i vinter ha hatt å seia?
- Ingenting, trur eg. Det er ingen som har nevnt det for meg og ved den havarerte men restaurerte piren har vi hatt 14 båtar. Det har vore plass for sju-åtte til der. Men det har vore langt fleire ledige plassar innanfor moloen, seier hamnesjefen.

Det er dei trufaste bergensarane som har danna grunnstamma blant påsketuristane i hamna også denne gongen. Berte Anfindsen og Helge Holgersen, som bur like ved Brann Stadion og kjem i 32-fotaren Rayan er av dei som ikkje sviktar Uskedalen. Dei fekk for ålvor smaken på staden då dei deltok i den tradisjonelle pinsekonvoien til Bergen Motorbåtforeniging for om lag 10 år sidan. Då var 50 av dei 235 medlemene med og det var stor fest i Helgheim. No har paret feira påske her minst fem gonger.

- Vi har også prøvd Rosendal, men der var det så kraftige vindkast at vi fann det best å komma oss unna. Her er det langt "snillare" vindtilhøve, seier Berte og Helge.
 Dei trivst i Uskedalen av fleire grunnar: Dei har syklar med og tråkkar både oppover dalen og til fjells. Ein dag denne påska har dei leigd bil og gjort ein tur over fjellet mot Matre og innover til Sundal.
 Paret likar seg også godt på Dønhaug, men dei saknar konditoriet og ser fram til at Vertshuset blir opna att. Til sommaren kjem dei att!

Litt lenger ute ved den nyrestaurerte piren låg laurdag føremiddag ein framand fugl med ein spesiell seglbåt. Så har han då også bygt han sjølv – frå kjøl til mastetopp – og har segla verda rundt med han. 10 år brukte han på

den turen!

Skipparen er Fabrice Loranchet og han hadde med seg kona Isabelle og dottera Loana. Trioen kjem frå byen Carnac som ligg mellom Brest og Nantes.

. Dei kom langfredagskvelden og skal vidare laurdag ettermiddag. Då planlegg dei å segla til Sunndal og vandre opp til breen. Trioen, som aldri har vore i Noreg før, skal tråkla seg fram nordover gjennom fjordane våre og ende på Svalbard ein gong i juni eller juli.

Fabrice og familien har ikkje vore ute for nokon stor dramatikk under livet sitt til sjøs. Han hevdar at livet på landjorda er langt farlegare og peikar på eit digert arr i panna.

På spørsmålet om korleis familien har råd til å segla ustanseleg, kjem svaret greitt:- Vi leigar ut huset vårt i Frankrike, tek med mykje mat heimafrå og lever svært nøkernt. Til dømes har vi proviantert rikeleg framfor denne ferda, for vi veit at det er svært dyrt i Noreg.

- Men korleis hadde det seg at familien Loranchet kom til Uskedalen?
- Vi traff ein annan båtmann i Stavanger som sa vi vi burde dra innom her fordi Uskedalen var slik ein triveleg plass!

Av Ola Matti Mathisen



Berte Anfindsen og Helge Holgersen frå Bergen kosar seg i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)